

## **Arbeidsmiljøprisen 2011.**

Det har også i år kome inn forslag på mange gode kandidatar til arbeidsmiljøprisen.

Den kandidaten som er valgt ut:

- hadde i 2003 eit sjukefråver på **ca.32 %**
- starta med omorganisering i tett samarbeid med dei tillitsvalde og jobba bevisst og målretta med arbeidsmiljøet.
- alle tilsette er inkludert; leiing, pleiepersonale, reinhald og kjøkken.

Det er innført ein fagdag kvar 6. veke, der alle med 50% stilling eller meir får delta, og dette er innarbeidd i turnus.

Tema har m.a. vore:

- Undervisning av tilsynslege
- Fysisk aktivitet og ernæring
- Hjerte og lungeredning med hjertestartar
- Oppdatering og bruk av dataprogrammet Gerica
- Tannpleie
- Gjennomgang av rutiner og prosedyrer

Fagdagen starta som eit prøveprosjekt for å skape sosial kompetanseutvikling og fagutvikling. På grunn av dokumentert nedgang i sjukefråvær er det politisk vedtatt at dette skal vere ei fast ordning.

Det vert tilrettelagt for dei som ynskjer å ta vidareutdanning

Dei benytta seg av hospitering

Dei har tilbydd arbeidspraksis og språkpraksis

### Kandidaten har vidare:

- Utarbeidd handlingsplan for HMS-arbeid som er laga og prioritert av dei tilsette
- Sterk fokus på tilrettelegging på arbeidsplassen og godt samarbeid med fysioterapeut, ergoterapeut, leiarar og tillitsvalde
- Faste møter for verneomboda fleire gongar i året
- Gode rutiner, system/ oppfølgjing i høve til sjukefråvær
- Medarbeidarsamtalar fast ein gong kvart/ annakvart år
- Brannøvingar for heile personalet to gongar i året
- Utarbeidd gode rutinar om noko skulle inntreffe
- Leiaravtalar
- Årshjul
- Fått til god samhandling med kommunestyret p.g.a. god rapportering

Dei har tru på fysisk aktivitet som helsefremmande tiltak og har m.a. lagt til rette for følgjande tilbod for personalet:

- Felles fjellturar ein gong i veka frå april til oktober
- Volleyballtrening ein gong i veka
- Tilbod om å benytte aktivitetssenteret og symjehallen

Dei har også tilbod om eit sosialt treff ein gong i mnd, der dei tilsette har ansvar for aktivitetane. Dette kan vere skitur, bowling, juleverkstad m.a.

På forespørsl fra rådmannen vart det sett i gang eit arbeidstidsarbeid, og bevegeleg arbeidstid (BAT) vart innført i tett samarbeid med leiing, tilsette og tillitsvalde. Det vart brukt god tid på prosessen for å få med seg alle.

Ved prosjektstart i januar 2008, var sjukefråveret på 18%.

Det er utarbeidd gode rutiner for opplæring av vikarar, der ein p.g.a. ulike arbeidstider har innført sjekkliste for å sikre seg at alle vikarane får den opplæringa dei skal ha.

Dei har og fokus på aktivitet blant pasientane, der dei som døme brukar bilet med tekst rundt om på omsorgssenteret som ei slags turløype.

Dette gjer at pasientane opprettheld gangfunksjonen, skapar samtale om biletta, aktivitet i kvardagen og betre nattesøvn.

Dette er noko som ein igjen vonar kan ha innverknad på sjukefråværet m.h.t. mindre belastningsskadar hjå pleiepersonalet.

Sjukefråveret er i dag på ca. 10%, målet er å få det ned til under 8% i 2011.

Dei tilsette opplever å ha eit levande og godt arbeidsmiljø og dei trivst på jobb.

Dette er eit resultat av:

- Godt samarbeid mellom leiing, tillitsvalde og politikarar/ AMU
- Godt samarbeid tverrfagleg og på tvers av avdelingane
- Inkluderande arbeidsliv
- Målretta arbeid med arbeidsmiljøet
- Og ikkje minst eit målretta integreringsarbeid som gjer at det i dag er tilsette frå 13 ulike nasjonar.

Arbeidsmiljøprisen 2011 går til **Myrvåg omsorgssenter i Herøy kommune!**

Forslaget er innsendt av Elbjørg Skarstein, verneombod ved omsorgssenteret.

Vi ber representantar frå Myrvåg omsorgssenter og Herøy kommune om å kome fram å motta prisen.

**GRATULERER!**